
Fra: INGE BOeE <inge.boe@online.no>
Sendt: torsdag 16. august 2018 17.47
Til: Postmottak Radøy
Emne: Feil innteikna grenseline mot sør for Mangersnesvegen 80 (g.nr 45, b.nr 73)

Oppmålingstenesta i Radøy

Eg har sett på Nordhordlandskart og stussar sterkt over korleis grenselina for Mang.nesvegen 80 er teikna inn. Ho er heilt feil innteikna på kartet og går langt inn på areal som høyrer til bruk nr 14 i Hestvika. Han som bur i nr 80 er heilt sikkert klar over kor grenselinene går, så korleis denne feilen kan ha oppstått, er ei gåte.

I alle fall, grenselina mot sør og vest (hestvika) er som følgjer: Frå krysset privatvegen til nr 80 og fylkesvegen, går grensa mot aust langs søndre vegkant på privatvegen frå fylkesvegen og ca 10 -12 meter oppover langs vegen. Derifrå svingar grensa mot sør og følgjer eit brattfall i terrenget slik at oppå berget eig b.nr 73 og nedanfor berget eig b.nr 14. Den kommunale vassleidningen som går ned til vatnet i Hestvika, ligg fullt ut på arealet som nr 14 eig. Grensa følgjer brattfallet også mot aust. Eit unntak er at B.nr 73 skal eiga ein liten snipp nedfor berget, så stor at ein båt kan festast. Det er ca der ei stor eik står i vasskanten, men det er ikkje snakk om noko stort areal. Eg er klar over at det ikkje er så enkelt å teikna inn grenseliner som følgjer brattfall i terrenget, men det var no slik dei ofte avtala i gamle dagar. Som sagt, Arvid Dalland er heilt sikkert klar over kor grensene går, men om det skulle skje eit sal av eigeidomen, kan eventuelle kjøparar fort tru at den grenselina som er teikna inn på Nordhordlandskartet er korrekt. Eg bed om at denne feilen vert retta snarast. Mot nord og aust viser eit delvis nedramla gjerde kor grensa er, jernstaurane står no att enno, og det ser ut som om lina på kartet er nokolunde korrekt innteikna her.

Venleg helsing
Inge Bøe